

Nye Ålesund kommune



For mykje eller for lite statlig/regional styring?

Kva slags kommune vil vi ha?


Ålesund kommune frå 1.1.2020:

Nye
Ålesund
kommune

Ca. 600 km² land, ca. 1900 km² havflate, ca. 67.000 innbyggjarar, ca. 7000 tilsette




Ein kommune med nasjonal slagkraft, regional attraktivitet, lokal identitet!
Landsdelsenteret mellom Bergen og Trondheim.



Kommune
Haram • Sandøy • Skodje • Ørskog • Ålesund




Forventa sterk folketalsvekst i nye Ålesund



Møre og Romsdal 7,8 prosent
Landet 12,1 prosent

1) 1. jan 2006 blei Tustna og Aure ei kommune - Aure kommune
2) 1. jan 2008 blei Kristiansund og Frei ei kommune - Kristiansund kommune

(nye) Ålesund vert den klart største kommunen i Møre og Romsdal



(nye) Ålesund 13. største kommunen i landet i 2020

Nye
Ålesund
kommune



Dei fire kommunane markert i grått har endra plassering i forhold til nye Ålesund frå 2018 til 2020.

Folketalsvekst til 72.000 i 2030.

Blir Giske og evt. Sula med, vil nye Ålesund kanskje passere nye Skedsmo og bli blant ei ti største kommunane i landet.

Folketalutvikling mot 2030

	Prognose 2018	Prognose 2020	Prognose 2025	Prognose 2030
1504 Ålesund	47 834	48 882	51 195	53 426
1523 Ørskog	2 353	2 387	2 457	2 514
1529 Skodje	4 814	4 995	5 428	5 846
1534 Haram	9 246	9 310	9 418	9 541
1546 Sandøy	1 262	1 264	1 245	1 224
Nye Ålesund	65 509	66 838	69 743	72 551

Hovedalternativet (MMMM)

Kilde: Statistisk sentralbyrå

	Prognose 2018	Prognose 2020	Prognose 2025	Prognose 2030
1532 Giske	8 360	8 627	9 223	9 827

Innbyggjartal, areal og årsverk

Kommunar	Innbyggjartal (3. kvartal 2016)	Areal land (fastland, øyer)	Areal land og innsjø	Havflate	Årsverk (des. 2016)	Tilsette (des. 2016)
Haram kommune	9 291	261,1	267,9	802,2	595	834
Sandøy kommune	1 259	21,4	21,5	985,7	119	165
Skodje kommune	4 639	120,0	129,3	36,9	316	446
Ørskog kommune	2 307	132,4	135,6	21,4	171	238
Ålesund kommune	47 027	98,6	104,1	95,9	2 956	3 749
Nye Ålesund	64 523	633,5	658,4	1 942,1	4 157	5 410¹

Kjelde for areal og havflate: <https://www.kartverket.no/Kunnskap/Fakta-om-Norge/Arealstatistikk/Arealstatistikk-Norge/>



1.1 Overordna målsetting med intensjonsavtalen:

- Sikre gode og likeverdige tenester der folk bur, gitt av kompetente fagfolk.
- Eit godt og vel fungerande lokaldemokrati, med lokalt engasjement og medverknad.
- Samfunnsutvikling som realiserer mulighetene for at heile bu- og arbeidsregionen vert tatt i bruk, og som gir konkurransekraft til næringslivet.
- Rettstryggleik og verdigheit i alle tenestene.

6.1.1 Mål Samfunnsutvikling

Nye Ålesund kommune skal sikre ei samordna planlegging for utvikling av både by og omland. Kommunen skal vere i stand til å posisjonere Ålesund som by og regionen som attraktiv kvardagsregion for dagens og framtidas innbyggjarar. Vi skal ha ein klar strategi for å utvikle alle geografiske områder i den nye kommunen.

6.3 Mål Demokrati

- Den politiske organiseringa i kommunen skal sikre både heilskapleg planlegging for regional slagkraft og lokal medverknad på kommunedelnivå.
- Nye Ålesund kommune skal sikre levande lokaldemokrati basert på ei vid forståing av demokratiomgrepet og gjennom utprøving av nye former for medverknad.
- Den nye kommunen skal ha særleg fokus på digitale plattformer som hjelpemiddel i å la innbyggjarane medverke. Det skal utgreiast konkrete løysingar for e-demokrati i den nye kommunen.

6.1.2 Konkretisering

Den nye kommunen skal ha ei tydelig satsing på offentlig innovasjon og utvikling.

Det skal etablerast ei avdeling/fagmiljø for dette i til kunnskapsmiljøet på Norsk Maritimt kompetansesenter (NMK) og NTNU. Avdelinga skal arbeide med å utvikle innovasjonskultur i heile den nye kommunen. Dette omfattar mellom anna å etablere ein kultur for samhandling mellom tjenesteområde, mellom politikk og administrasjon, mellom kommune og næringsliv, og mellom kommune og frivillige. Avdelinga skal ta mål av seg til å vere eit nasjonalt ressurscenter for innovasjon i offentleg sektor.

Nasjonal gjennomslagskraft, regional attraktivitet og lokal identitet